

Til
Rådmenn
Kommunal representant i representantskapet til Stiftinga Kystkultur No!

Bergen 4. november 2020

Varsel om innføring av medlemsavgift for Stiftinga Kystkultur No! frå 2021

STIFTINGA KYSTKULTUR NO! er ei ikkje-næringsdrivande stifting med føremål å stimulere og verke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av kystkulturtilbod og koordinering av kystkultur i Vestlandsregionen. Stiftinga er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og 25 kystkommunar i frå Sveio i sør til Stad i nord.

I sak 06/20 på årets representantskapsmøte for Stiftinga Kystkultur NO! vart det vedteke å frå 2021 innføra ei medlemsavgift per kommune etter fylgjande satsar:

Kommunar med folketal under 3000 innbyggjarar:	10 000 kr
Kommunar med folketal 3001-9999 innbyggjarar:	15 000 kr
Kommunar med folketal over 10 000 innbyggjarar:	20 000 kr

Dette skrivet er ei oppmoding til kommunane om å setja av midlar i det kommunale budsjettet for 2021 til denne medlemsavgifta. Fakturering for dette vil skje på vårparten 2021.

Kva går medlemskontigenten til?

Kystkultur.no har inngått eit samarbeid med Schibsted og vil bruka medlemskontigenten til å driva digital marknadsføring av kystkulturarrangement. Sjå dømer på digitale annonser og korleis fordelinga mellom kommunane vil skje i figurane nedanfor. Som figurane viser vil desse midlane gjera kulturlivet i kvar enkelt kommune meir synleg.

Avslutningsvis vil eg få lov til å orsake at dette skrivet kjem såpass seint på hausten. Det skuldast at underteikna har vore sjukemeldt store delar av hausten.

Helsing
Kjell Magnus Økland (sign)

Kjell Magnus Økland + 47 95 04 67 39
Dagleg leiar post@kystkultur.no
Stiftinga Kystkultur no! www.kystkultur.no

Vedlegg
Saksgrunnlag representantskapssak 06/20
Utdrag frå møtereferatet representantskapssak 06/20
Dømer på digitale annonser og visningsflater hjå Schibsted

Sak 06/20 Framlegg frå styret: Innføring av medlemsavgift i Stiftinga Kystkultur No!

Grunna stiftinga sin svake økonomi ser styret det som føremålstenleg å innføra ei medlemsavgift. Dette vart òg drøfta av representantskapet i 2016, men vart då ikkje innført. Fylkeskommunen signaliserer at den vil sjå positivt på innføring av ei medlemsavgift.

Styret legg fram to alternative prinsipp for medlemsavgifta, og vonar medlemskommunane har forståing for at eit mindre bidrag frå kvar kommune kan gje ein samla sum som kan gjera ein skilnad for stiftinga sitt arbeid.

Alternativ A:

Dagens 24 medlemskommunar	Innbyggartal pr 31 des 2019 (SSB)	Folketal over 10 000 Folketal 3001-9999 Folketal under 3000	= 20 000 = 15 000 = 10 000
4601 Bergen	283 929		20 000
4612 Sveio	5 766		15 000
4613 Bømlo	11 957		20 000
4614 Stord	18 759		20 000
4615 Fitjar	3 173		15 000
4616 Tysnes	2 869		10 000
4617 Kvinnherad	13 071		20 000
4623 Samnanger	2 485		10 000
4624 Bjørnafjorden	24 907		20 000
4625 Austevoll	5 236		15 000
4626 Øygarden	38 316		20 000
4627 Askøy	29 553		20 000
4629 Modalen	388		10 000
4630 Osterøy	8 098		15 000
4631 Alver	29 224		20 000
4632 Austrheim	2 870		10 000
4633 Fedje	548		10 000
4634 Masfjorden	1 691		10 000
4635 Gulen	2 297		10 000
4636 Solund	802		10 000
4637 Hyllestad	1 328		10 000
4645 Askvoll	3 011		15 000
4646 Fjaler	2 802		10 000
4602 Kinn	17 207		20 000
4649 Stad	9 457		15 000
Totalt	519 744		370 000

Alternativ B:

Flat sats uansett kommunestorleik:

15 000 kroner per år x 25 kommunar = 375 000 kroner

Fakturering skjer kvart år på vårparten. Fyrste gong i 2021.

Framlegg til vedtak:

Representantskapet går inn for styret sitt framlegg A eller B.

Utdrag frå møterefateratet:

06/20 Forslag frå styret: innføring av medlemsavgift

Børge Haugetun orienterte om bakgrunnen for styret sitt framlegg og peika på stiftinga sin svake økonomi. I 2016 vart det gjort eit liknande framlegg som då vart nedstemt. Han oppmoda representantskapet til denne gongen å ha forståing for styret sitt framlegg og peika på ambisjonane til stiftinga og framheva nytteverdien som dette vil ha frametter for kommunane.

Dei fleste i salen tok ordet minst ein gong og det vart argumentert både for og i mot framlegget til styret. Argument mot framlegget handla om svak kommuneøkonomi som kunne føra til medlemsutmeldingar, representantane peika på at dei ikkje hadde mandat til binda kommunen sin til utgifter og fleire kommunar ser for tida med kritisk blikk på kva slags interkommunale samarbeid dei medverkar i. Andre talarar møtte framlegget med forståing og poengterte at det kan seiast å vera eit rimeleg krav frå fylket at kommunane er med på den finansielle sida, vidare vart kystkulturen framheva som eit samlande fellestrekk for alle medlemskommunane og fleire påpeika at storleiken på dei foreslåtte summer ikkje var så avskrekkande.


Etter denne debatten gjekk ein til avrøysting i to steg. Fyrst vart det røysta om ein skulle innføra ei medlemsavgift. Her vart røystetala 18 for, ei blank røyst og ei røyst mot. Dinest vart det røysta over kva slags prinsipp medlemsavgifta skal baserast på, anten differensiert etter folketal (alternativ A) eller flat/lik sats for alle kommunane (alternativ B). Her vart det samrøystes røysta for alternativ A.

Til hausten føl dagleg leiar i stiftinga opp kvar enkelt kommune og tar kontakt med rådmann/ordførar/kulturleiar (og stiller eventuelt i møte i formannskap/kommunestyre) for å få innarbeidd medlemsavgifta i dei kommunale budsjetta for 2021.

Visningsflater for Schibsted på tvers-annonsering:



Board Mobil
320x250 px



Netboard
580x400 px

Budsjett til annonsering hjå Schibsted i 2021: 300 000 kr

Forventa medlemsavgift 2021: 370 000 kr

Snittfordeling per kommune: 12 000 kr

Dette vert så justert basert på kommunestorleik etter folketal til fylgjande %-vise fordeling:

